

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - Mai 2021 53. årg.



XXX



Grøn dag på Undheim

side 7



Rosselandsprosjektet

side 9



Allegro

side 16



Kirsten Brynesveg

side 23

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 - 14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: www.timekyrkja.noe-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Barne- og ungdomsdiakon:

Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølberg tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevevjerje: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjevevjerje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 406 01 079

Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

Time

Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: Elen Fosse tlf. 981 89 102

Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Klokkar: Øivind Njølstad Egeland

Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge tlf. 958 35 364

Kyrkjetenar ved gravferd: Marko Sundt tlf. 951 17 574

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

BryneHeimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Administrasjonleiar:

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:

Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880

Trusopplærar: Eline Fosse (vikar) tlf. 454 83 455

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espevik

Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825

Lye forsamlingshusHeimeside: www.lyeforsamlingshus.no**Undheim**Heimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Ungdomsarbeidar Eline Fosse tlf. 454 83 455

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.noBryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.noUndheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no

Kveldsgudsteneste-serie

Bryne kyrkje hausten 2021

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

Guds skaparverk – vår heim

Biskopane i Den norske kyrkja har i vår gjeve ut eit viktig hefte med denne tittelen. Dei skriv som bodskap: «Jorda er truga. Klimakrisa rammar kloden, trugar eksistensen vår, øydelegg mangfaldet på jorda og skapar store globale forskjellar mellom menneske. Både globalt og lokalt skal kyrkja gi håp og mot....»

... Bispemøtet oppfordrar til ein brei samtale om kva som krevst for å hindre full krise i skaparverket. Med dette heftet vil Bispemøtet inspirere til handling for ei god og rettferdig forvaltning av skaparverket.» I Brynekyrkja håpar me mange vil lesa biskopane sitt viktige og fine hefte. Sjå: kirken.no.

Me kjem til å utfordra bibelgrupper og husfelleskap til å nytta heftet og samtale spørsmål knytta til. Gjerne i forkant av ei gudsteneste. For me ønskjer å ha «Guds skaparverk – vår heim» til hovudtema for kveldsgudstenester frå hausten av. Biskopane sin bodskap er nemleg bygd opp rundt gudstenestefeiringa sine ulike ledd. Dei grunngjev dette slik: «Gudstenesta rommar aller sider ved livet og gir styrke og mot til å møta dei.»

I kveldsgudstenesteseerien ønskjer me å følgja biskopane si kopling mellom dei ulike gudstenesteledda og liva våre og tida vi lever i. For kvar kveld har me eit gudstenestefokus der me dukkar djupare inn i meininga med eit av gudstenesteledda. På same kvelden er dette kopla til eit samfunnsvindauga, der me blir inspirerte og utfordra av ein representant frå eit samfunnsområde som er midt i endringar der me må finna løysingar saman og bera bærer saman.

Første kveldsgudsteneste blir søndag 29. august. Om inngang til gudsteneste for Guds ansikt. Og salme og teologi for ei truga jord.

Framsida. Gravplasarbeidarane - Foto: Liv Helene Ø. Håland

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad og Arnfinn Vigrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 30. august

Salme for ei truga jord

TEKST: STEIN ØDEGÅRD

Så vart det ein salme av det! Etterutdanningskurset «Teologi for en truet jord» i regi av MF. Prestar i Jæren prosti og andre prosti har sett seg inn i teologiske, etiske, miljøfaglege, politiske og pastorale spørsmålsstillingar i møte med miljø- og klimautfordringane. Og eg vart gripen! Studiestoffet og situasjonen for kloden vår har berørt meg sterkt. Så då skjedde det at det vart ein salme av det. Slikt som skjer sjeldan. Berre når noko vert så viktig at det ropar på poesi og finn form og metafor som gjev mening.

I studiekurset vart salmen ein måte å reflektera både om haldbar teologi og om praksis som kan gje endringar som betyr noko. Salmen sitt uttrykk måtte ta opp i seg det djupe eksistensielle alvoret og ansvaret me som menneske nå står i. Orda i salmen måtte vera ord som teologi i vår tid kan stå inne for. Både knytta til tradisjonell kristen teologisk tradisjon og i forsøk på å nyformulera økoteologi og kontekstualisera kva som bør seiast frå kyrkja i den krisa me står i.

Korleis kan ein salme verta praksis som gjev endring? Jau, fordi han er midt i kyrkja si gudstenestefeiring. Eit liturgisk uttrykk med stort potensial for tru, håp og endring når livet på jorda er truga. Poesien og musikken som me deler som felles song i kyrkje-rommet, kan ha stor kraft. Salmen treff djupe lag i sinnet og kan motivera til innsyn og handling på eit djupare plan.

Salmeteksten er skriven i januar. I februar sette Henning Sommerro vakker, nyskriven musikk til. Salmen hadde fått eige liv, som nå får ut og gå dit han vil. I mars kom biskopane sitt klimahefte, på same kanal, slik at endå meir fall på plass. I Bryne kyrkje startar me eitt års temaserie med kveldsgudstenerer frå august av, med fokus på gudstensteledd sett med bispeheftet sitt miljøblikk.

Lydopptak med vokal og flygel, med Sindre Øgaard og Per Olav Egeland, finst på: youtu.be/-D01GGvpv_k
Det viktigaste innhaldet i ein salme er det opplevde. Om det tenkte innhaldet kan dette seiast:

Den berande ideen og metaforen i salmen er ordet «avtrykk». Det er eit visuelt og sansbart ord. Det er fleirtydig, slik at det ikkje bare rommar mennesket sitt svært tvetydige avtrykk på jorda, på bekostning av natur og andre artar og livsformer. Men også Gud sitt gode avtrykk, i det skapte, i mennesket skapt i Guds bilde, i Jesus Kristus. I eitt sentralt vers er dermed avtrykk bytta med ansikt. I salmen er avtrykk brukt til å disponera tema, slik at Gud og verda, menneske

Ditt avtrykk på jord

- salme for ei truga jord -

*Det stig ein takk frå ditt avtrykk på jord,
eit mangfald av artar, eit mylder av frø,
eit svimlande samspel for avkom og brød.
Alt liv vove saman, alt summar i kor,
det skapte som vitnar at du, Gud er stor.*

*Det kling eit kall til ditt avtrykk på jord.
Som skapt i ditt bilde er ansvaret gitt,
å spegla din kjærleik til alt som er ditt,
å vakta og verna om alt det som gror,
å vita og vitna at du, Gud er stor.*

*Det blør ei sorg av vårt avtrykk på jord.
Vi trør overalt, og vi trampar så hardt,
og trugar ditt mangfald i art etter art.
Ho sveittar i feber, vår livsform si mor.
Vårt ego er grådig. Kor endar vårt spor?*

*Det skin eit lys frå ditt ansikt på jord.
Du elska til døden og gjorde det kjent
at aldri ein sårbar skal stillast på vent.
Å Jesus, la lyset ditt prega vårt spor,
så kloden får kjenna: Din nåde er stor.*

*Det krev eit mot til nytt avtrykk på jord
om flora og fauna og folk trygt kan bu.
Det hastar, det kostar, det nyttar å snu!
Gud, gje oss å velja eit berekraftspor,
meir himmel på jord og meir handling enn ord.*

*Det syng eit håp som ditt avtrykk på jord,
om rettferd og framtid og draumar som dreg.
Din kjærleik er evig, Guds rike på veg.
All skapning som sukker, får fest ved ditt bord.
Ein lengsel som lovsyng at du, Gud er stor.*

Tekst: Stein Ødegård 2021
Musikk: Henning Sommerro 2021

og natur, forskning og tru, sorg og håp er knytte saman. Dette opnar både for lovprisning av Gud og for teologien si skildring av det skapte, ansvarlege, falne, frelste, handlande og håpande mennesket. Ein kombinasjon av takk og klage som – lik Kyrie og Gloria - er eit ærleg uttrykk i sentrum for kristen eksistens og gudsteneste.

Eit ønske for salmen sitt vidare liv er at han kan vera eit inspirerende uttrykk som kan bidra til positiv endring, der Gudstrua og det kristne håpet er ei avgjerande kraft som me kan møta dei vanskelege og viktige vala med.



Stein Ødegård 2021

Jeg tror på Den hellige ånd

Å si fram trosbekjennelsen er ett av høydepunktene i gudstjenesten. Setningene som setter ord på vår kristne tro. De hører til kirkens arvegods og er i daglig bruk verden over. For en gave! For en slitestyrke!

TEKST: ANNE-SOFIE HAARR

Alltid har noen villet snekre sin egen trosbekjennelse. Men kirken er et fellesskap, ikke et enmanns-foretak. Det fine med trosbekjennelsen er at den kan styrke samholdet og gi et rom der troen vår kan vokse. Den hjelper oss til å holde fast ved det bildet av Gud som vi finner i Bibelen. En god hjelp også når vi møter dem som tror annerledes.

Trosbekjennelsen vår er et sammendrag av apostlenes forkynnelse. Det er derfor den kalles den apostoliske trosbekjennelse. Den er en lovsang til Gud, en takk til ham for alt det gode han har gjort i våre liv, et gjensvar på hans velsignelser. Noen synger trosbekjennelsen.

Når presten sier: «La oss bekjenne vår hellige tro», stiller vi opp, skulder ved skulder, og støtter hverandre gjennom bekjennelsen. Dette er vårt. Dette tror vi på sammen. Der du strever, vil jeg støtte deg. Der jeg strever, må du støtte meg.

Den hellige ånd er også fra evighet og til evighet akkurat som Faderen og Sønnen. De er ett. Det som skjedde pinsedag var at Den hellige ånd ble gitt til vanlige mennesker. Den hellige ånd er Guds nærvær i våre liv. Han utfører Guds vilje på jorda og i det enkelte mennesket.

Når jeg sier «Jeg tror på Den hellige ånd», nevner jeg videre fem gaver som han gir meg. Det er Ånden som gjør forskjellen på knusktørr kunnskap og levende tro. De fem punktene kan vi se på som Åndens handlingsplan med oss, så vi skal bli mer og mer preget av Gud, han som er hellig. Akkurat som Faderen og Sønnen og Den hellige ånd er en enhet, er det Guds plan med oss at vi skal få del i denne enheten. Enheten er en kraft, en kjærlighetens kraft som skaper, frelser og gir tro på Gud. Gud er kjærlighet.

1. «Jeg tror på en hellig, allmenn kirke».

At kirken er hellig vil si at den er spesiell, den har blitt skilt ut og har av Gud fått en oppgave i verden. Kirken skal spre ut budskapet om at det finnes frelse for alle som vil ta imot. Kirken er en levende organisme på tvers av våre båndsystemer. Det er Den hellige ånd som skaper en lengsel etter fellesskap med andre troende. Han er den som kan skape i meg en varm begeistring for Faderen og Sønnen og Ånden og gjøre meg søkende. Kirken gir forankring for den som tror. At kirken er allmenn vil si at den er for alle. Gud vil at alle mennesker skal bli frelst.

2. «Jeg tror på de helliges samfunn»

Da jeg ble døpt ble jeg født inn i



Guds familie. Jeg fikk brødre og søstre. De er ikke venner jeg har valgt selv, men ulike mennesker som har det felles at de er den treenige Guds barn. Vi holder i hop og støtter hverandre selv om vi ikke ser likt på alt. Menigheten er det rom der troen min skal få vokse. Gjennom feiring av gudstjenesten med ord fra Bibelen, bønn og sang, dåp og nattverd, blir jeg møtt og velsignet av Gud og får nytt mot og ny kraft til å leve som en kristen i hverdagene mine. Jeg får gi uttrykk for at jeg vil tilhøre ham og tilbe ham med det livet jeg lever. Menigheten er et fellesskap. Den hellige ånd vil bevare oss i troen og vise oss hvordan vi tar vare på hverandre og får flere til å oppdage Jesus og søke fellesskap med Ham.

Illustrasjonsfoto: Joseph Barrientos/unsplash

«Jeg tror at jeg ikke av egen fornuft eller kraft kan tro på Jesus Kristus, min Herre, eller komme til ham; men Den hellige ånd har kalt meg ved evangeliet, opplyst meg med sine gaver, helliggjort og oppholdt meg i den rette tro»

fra Luthers katekisme



3. «Jeg tror på syndenes forlatelse»

Tidligere ble vi fortalt at synd var bl.a. å gå på kino, ha korte skjørt og sminke seg. Nå snakkes det lite om synd. For å trenge syndenes forlatelse må en ha brutt Guds lov. Har vi det? Hva er synd? De ti bud som Gud ga til Israelfolket er en god rettesnor også for oss som lever i dag. Jesus ble spurt om hvilket bud som var det største av alle. Jesus svarte at det var: «Du skal elske Herren din Gud av hele ditt hjerte og av hele din sjel og av all din forstand. Men det andre er like stort. Du skal elske din neste som deg selv». Jeg trenger syndenes forlatelse på nytt og på nytt. For stadig skyver jeg Gud vekk fra første-plassen i livet mitt. Jeg trenger tilgivelse for det, slik

at jeg kan starte på nytt. Syndenes forlatelse er et omvendelsespunkt. Slik holder Den Hellige Ånd meg levende og nær Gud så jeg ikke roter meg bort.

4. «Jeg tror på legemets oppstandelse»

Vi tror at slik Jesus sto opp fra de døde, skal vi også stå opp. Slik Jesus fikk en kropp, skal vi også få en kropp. De kunne kjenne Jesus igjen etter oppstandelsen, selv om det tok litt tid for noen. Men de så og de trodde at han hadde stått opp. Døden greide ikke å holde ham fast. Legemets oppstandelse tror vi på.

5. «Jeg tror på det evige liv»

Døden er ikke et punktum. Det fins

en fortsettelse. Gud skal opprette en ny himmel og en ny jord der rettferdighet bor. Der skal vi få være for alltid. Vi vet ikke hvordan det er i himmelen. Men en gang skal vi få oppleve det selv. Guds herlighet. Det håpet skal ingen ta fra oss.



Anne-Sofie Haarr

Nytt steindekke - og ny levegg, til høgre



Poteter på gang



Jordbær som skal gje avleggjarar til hausten



Det går mot sommar på Re!

Endå grønare hos Anne Grete og Oddmund.

Foto: Liv Helene Håland

Raudbete - der dei skal hausta frø



Rabarbra under potte. Desse "bleike" rabarbraene gjev mildare smak

Lucky held styr på kompost-avdelingane



Vedlad - her nesten som eit kunstverk!



Aprikos



Epletre i bløming



Chili-planter



Grøn dag på Undheim

Har me skapt ein ny tradisjon?

TEKST: SYNNØVE HATLE FOTO: SYNNØVE HATLE OG GUNHILD LANDE

Koronaen gjorde at det i 2020 ikkje vart julemesser. Foreininga Shalom kom opp med den flotte idéen om ein grøn dag i mai – i staden for julemesse. Usikre tider, med ulike retningslinjer har gjort denne våren ekstra spanande for alle dei damene som starta med å så og plante tidleg, ja, medan det ennå var vinter. Men den 8.mai var det klart i kyrkjeparken på Undheim. Då hadde ein del frå dei andre NMS foreiningane i kommunen også tent på idéen og bidrog på ulike vis til dagen.

Jæren baud på det flottaste vårvêret, og kyrkjetoget var forvandla til reine hagesenteret. Det var råd å bli mett på brenneslesuppe og focacciabrød, det var kaker av fleire slag og både kaldt og varmt i koppane. Ungane kunne plante solsikkefrø, medan det vart handla til musikk frå TOKT som mellom anna trakterte trekkspel og blåseinstrument. Det var reint til å bli glad av, og nokre prøvde seg til og med på nokre dansesteg.

I overkant av 150 skreiv seg inn i «manntalet» på riktig koronavirus, og det var råd å sprite hendene opp til fleire plassar. Det vart ein grøn fest. Folk reiste heim med bilane fulle



av planter: No vert det dyrka tomat og grønkål, blomar og urter i fleng. Nokre fekk det med seg i snekra kassar og i sydde handlenett – og nye gryteklutar og panneband fann vegen ut i kommunen.

Takk til damene i SHALOM som sette dette i gang, og takk alle dei frå dei 10 ulike NMS foreiningane i Time kommune som var med og bidrog. Resultatet av alt sal vart cirka 45.000 kroner. Pengane veit me kjem godt med, spesielt no i pandemien.



Frå Rosselandsprosjekt til Familiefokus:

– For og med heile familien

TEKST: ELSE-MARIE BUE

BILETE: HANS TORE HETLAND

Rosselandsgruppa

Hans Tore Hetland har vore med i Rosselandsgruppa frå starten. Marie Undheim er også veteran, men blei forhindra frå å vere med i dette intervjuet. Derfor er det bare Hans Tore som deler erfaringar med Helgedagen. Han startar med å presisera grundig at namn er uinteressante fordi så uendeleg mange har hatt og har ansvar i dette arbeidet. - Me har vore med som ektepar, og etterkvart fekk borna også ansvar tilpassa alderen. Rosselandsprosjektet vart for og med heile familien.



Hans Tore Hetland.

Bryne kyrkje kl. 11.00 – Familiefokus

– Nå inviterer Bryne kyrkje på denne måten til gudsteneste ein søndag i månaden. Som forklaring på dette får nå Hans Tore ordet.

– Familiefokus, som me kallar oss i dag, har vakse fram frå idé og tanke på Rosselandsfeltet. Me starta i det små i 2006. Sokneprest Arne Berge i Bryne kyrkje var ivrig med i Rosselandsutvalet. Tre F'ar var styringsverktøy for oss:

1. Fellesskap og bøn
2. Formål
3. Forretning.

Slik var det nære fellesskapet, den klare målsettinga og alt av økonomi plassert i trygge hender. Start i det stille, formålet klart, og forretning - økonomi trengs alltid. Då ansvaret var fordelt,

kunne me konsentrera oss om kvar vårt felt. Det vart gjevarteneste. Pengar kom inn på konto. Mange fleire enn dei som etter kvart kom til gudsteneste støtta arbeidet. Ikkje minst besteforeldre og slekt trødde til for at etterkomarane på Rosseland skulle få dette tilbodet. Eg minnest at noko av det første me gjorde, var å laga informasjons- og invitasjonsbrosjyre til alle postkassane i Rosseland skulekrets. Tilbakemeldingane var overveldande. Ikkje bare kom det takk for tiltaket. Mange tilbød også hjelp til å få dette opp å gå. Alle hjarte og hender var kjærkomne. Frå mars 2006 hadde me dei første samlingane på Rosseland skule. I dag kan eg undrast over at me alt i 2008 hadde økonomisk grunnlag for å løna vår eigen prest.

Måten Rosseland skule tok imot oss på var einestående

Det gode samarbeidet me hadde, og heile tida har hatt, både med skuleleiing og kommune, gjorde sitt til at vegen vart lettare å gå. Me var og er veldig takknemlege. Til kvar samling måtte gymsalen gjerast om til kyrkjerom. Alterbordet skulle pyntast, og stolrekkjene på plass. Stolane fekk me låna på Time vidaregående. Det vart mange tilhengarlass tur/retur ved kvar samling. Det gjekk godt. Ansvaret var fordelt, og folk var å stola på. Eg har ikkje her og nå oversikt for kor mange som var i sving før og etter kvar einaste samling. Men når dei sirlege stolrekkjene søndag føremiddag fyltest i gymsalen, band og forsongarar stemte opp og Guds ord lydte, var alt bare glede og takk. Me var svært nøgde då me passerte 100 deltakarar. Gudstenesta var tilpassa familiar. Foreldre og born var saman. Tidvis hadde me vanlege gudstenester,

FAKTA

Frå 2006 har det vore familiegudstenester på Rosseland. Tanken var at kyrkja skulle vera tilstades midt i byggefeltet på Bryne, nær der unge familiar budde og med ein litt annleis profil enn gudstenesta i kyrkja. Det var ikkje så enkelt å få med seg barn og barnevogner til gudsteneste i Brynekyrkja søndag føremiddag. Menighetsråd og prest gjekk inn for dette, og saman med ein lokal komité på fem-seks personar vart det over tid gjort eit grundig førearbeid. Kommunikasjon med kyrkjelydar som hadde liknande utgangspunkt var viktig. Personar som både hadde studert og arbeid med menighetsplanting var også på banen.

parallellt med sundagskule. Det var ikkje alltid lett å ha mannskap til slik deling. Men nokså regelmessig vart det etterkvart gudsteneste/sundagsskule ein søndag og familiegudsteneste neste.

Vinn-vinn situasjon

Fellesskapet har heile tida vore i utvikling. Kan nemna Open Familie annakvar veke i fleire år. Det var ei uformell samling som starta med middag. Slik kunne familien koma rett frå arbeid til felles middag og med program etterpå. Så hadde me forskjellige arrangement for borna med leik/spel og familieweekend'ar på Horve. Ein dyktig gjeng frivillige har me alltid hatt. Ekstra god kyrkjekaffi har vore viktig - og ofte langvarig. Og vidare: tid saman, god læring for borna som var inkluderte i fellesskapet og fekk passande ansvar ettersom dei voks til, og me vaksne som vart betre kjende med folk i nærområda. Slik har gode relasjonar og venegrupper vakse fram på Rosseland.



Populær aktivitet

Til Bryne kyrkje

Tanken på å få eige kyrkjehus var mykje diskutert. År etter år i lånte rom med ommøblering var ikkje det beste. Rosseland skulle få ny skule. I byggeperioden fekk me tilhald i kantina på Time vidaregåande. Sidan flytta me tilbake til aulaen på Rosseland nye skule. Då var det slutt på å bera stolar. Aulaen er eit fint atrium. Men etter bortimot 10 år på Rosseland, var me klare for å fortsetja i Bryne kyrkje. Det skjedde i april 2015, og no startar ei ny forteljing. Me, Familiefokus som me kallar oss nå, vart integrerte i Bryne kyrkjelyd som me alltid hadde tilhøyrt. Eg trur alle i flokken opplevde det som ei velsing.

Nye har også kome til. Nå har me ansvar for ei gudsteneste der kvar månad. Heile tida har me fungert som eit fellesskap i Den norske kyrkja med liturgi, nattverd og salmesong, alltid med eit blick på tilrettelegging for brukarane. Utdeling av 4-årsbok stod på programmet, og eit barn er også blitt døypt på Rosseland skule.

Dei tilsette som har vore leiarane våre er, i tillegg til Arne Berge, dei to første åra, Leiv Oscar Reiestad, Marit Høie Hetland, Bjørn Inge Hauge og Jostein Aarbakke Tollaksen.

Kyrre Kylling

Eg har eit artig minne frå ei gudsteneste på Bryne torg under Potetfestivalen. Då var maskoten

vår, ein kyllingdrakt med namnet Kyrre Kylling, med. Etter ned-pakking og opprydding etterpå var Kyrre Kylling sporlaust borte. Det er mange år sidan nå, og Løva i Bryne-kyrkja er vår maskot. Men dette kan vera ei etterlysing. Har nokon sett snurten av Kyrre Kylling?

- Og her sluttar samtalen med Hans Tore Hetland:

-Vegen har ikkje bare blitt til mens me gjekk. Det kjennest som Gud hadde lagt dette ferdig for oss, ein måte me skulle arbeida på her me bur.



Tema: Den bortkomne sauen. Torvald Pollestad hadde med eit lam på gudstenesta. Det var populært.

Vil du gi en gave
til Normisjon?




normisjon

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no





STEVNEMØTE MED SALMEBOKA

TEKST: ELSE MARIE BUE

Med dei første vårteikna er det ein song som kvart år vert mykje brukt når me samlast i lag og foreningar: *No livnar det i lundar, nå lauvast det i li. Den heile skapning stundar, nå fram til sumarstid.*

Salmen er frå 1875 og står på nr 844 i NoS med heile 12 vers. Det er dei tre første og to siste som vert mest brukte. Brillar og bok trengs ikkje for mange av oss når "No livnar det i lundar" skal syngjast. Den er barnelærdom. I Stevnemøte med SALMEBOKA overlet Vidar Kristensen omtalen til forfattaren Einar Økland. Han seier at me gjerne kallar Blix-salmane klassiske, fordi dei er så formgode og slitesterke og så fast knytte til kyrkjelege høgtider og nasjonale festdagar. Han fortel også om det som skjedde då det voks fram krav om å få salmar godkjende til bruk i kyrkjene: – *Det kom til å stå ein*

skarp strid om godkjenninga av desse salmane. Det var det at dei var skrivne på nynorsk som var hovudinnvendinga. Nynorsken blei rekna for å vera eit lågt mål, eit fjøsmål, ja, jamvel eit ugudeleg mål, som det var bespottelig å gi rom i Guds hus.

Vidare seier Vidar Kristensen: Økland skriver noe som i høyeste grad gjelder salmen "No livnar det i lundar". Selv om dette blir sagt generelt om alle salmene til Blix, treffer det denne salmen ekstra godt: – *Enkle, heimslege ord og vendingar nytta Blix slik at dei på fullgyldig måte bar fram ei felles, sakral høgtid, verdig og elegant. Dei kvardagslege og velkjende orda formidla også ei religiøs tru og kjensle, personleg og overtlydande. Medan bilete frå nær norsk natur fekk ny glans og meining som religiøse likningar.*

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Me har nyleg feira grunnlovsdag med fred i landet, og lyse sommardagar ligg framføre oss. Men i nyheitene kvar dag høyrer me om – og ser – ufatteleg liding, krig og terror. I bønneboka, siste del av salmeboka vår, står desse to bønene:

196. FRED FOR JERUSALEM

Evige Gud, vi bed om fred for Jerusalem og for alle folkeslag som knyter håpet og lengslene sine til denne byen.

Sjå Sal 122,6

186. FOR KRIGENS OG TERRORENS OFRE

Herre, vi ber for alle som i dag får sine liv ødelagt av krig og terror. Vi ber for alle som bor der bombene faller og eksplosjonene utløses, for alle den moderne krigs uskyldige ofre, for alle som såres, lider og dør. Hjelp hvert menneske som har det vondt. Herre, vær nær oss alle!

Gerd Grønvold Saue (1930 -)



Vil du ha Misjonstidende (MT) gratis i postkassen?

Send SMS med **NMS MT** til 2490 eller ring oss på 51 51 61 00.

Evangeliet
tilbake til jødene

Den Norske Israelsmisjon
www.israelsmisjonen.no

Vil du at palestiner og israelere skal få mulighet til å møtes i Kjærlighet?
Vipps din gave til 19333

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Miljø, møteplass og misjon



FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved
hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Opningstider:
mandag stengt.
tyrsdag-fredag 11.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved
hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

Opningstider:
Frå 5. juli til 7. august:
mandag-fredag 12.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00
Elles:
mandag-fredag 11.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

Vi tar imot og sel:

Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys
Telefon 400 37 151

Kven steller med gravplassane

Gravplassane våre – på Time og Undheim, er godt vedlikehaldne og velstelte. Kven steller med dette? Kva utfordringar har dei? Korleis er det å arbeida her?

TEKST OG FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND

Kyrkjegard eller gravplass - ei lita oppklaring: Time kyrkjegard er berre dei gamle gravene som ligg tett inntil kyrkja, innanfor steingarden. Alt det andre heiter gravplass.

Helgedagen fekk møta to trivelege gravplass-arbeidarar, Odd Asbjørn Jakobsen og Morten Bjorland, ein vårkald dag i april. Dei er godt kledde for utearbeid, og denne dagen er dei ved Time-kyrkja. Dei har også ansvaret for gravplassen på Undheim, så dei har mykje å hengja fingrane i. Begge stader er det velstelt og fint. Me som har

graver å sjå om i Time, nyt synet av dei velhaldne gravplassane våre, og tenkjer nok ikkje alltid over at her ligg det eit grundig arbeid bak. Men me vart interesserte i å få vita litt meir om verksemda her.

Odd Asbjørn og Morten har ikkje vore så lenge i arbeid her, men begge er samde om at dei har ein triveleg arbeidsplass. Sidan dei berre er to, så er det òg viktig at "kjemien" stemmer. Det gjer han! Dei har eit godt arbeidsfellesskap.

Arbeidsoppgåvene er varierte: gravning og tilrettelegging for gravferder, vedlikehald av plenar og plantar, stell-avtalar av graver. "Alt det grøna!" Stell-avtalar inneber planting vår, sommar og haust - samt vedlikehald av dette. Til vinteren blir det lagt på vinterdekke. Det kostar 1300 kr pr bed, og med krans til jul 250 kr

ekstra. Eit godt tilbod for eldre som syter med å gjera arbeidet sjølve - eller for pårørende som bur langt borte.

Både Odd Asbjørn og Morten likar å vera ute i friluft, og set pris på fugle- og dyrelivet rundt seg. Hare og rådyr kjem innom og set ein spiss på kvardagen.

Vinterstid kan det vera utfordrande med gravinga, men dei har godt utstyr, og klarar å ordna opp.

Time kommune er arbeidsgjevaren deira, og dei er nøgde med utstyret

Undheim gravplass



våre?

dei har til disposisjon. Helgedagen møter dei ved driftsbygningen, og der har dei nettopp fått seg ny plenklipper - med kraftige dimensjonar. Det trengs med så stort plen-areal å klippa!

Kven bestemmer kor ei ny grav skal liggja?

Gravferdsbyrået gjev melding om ny grav til kyrkjekontoret. Der har dei detaljert kart over gravplass-området. Siri Vik, ved kyrkjekontoret, har oversynet. Ho presiserer at gravplassforvaltninga er på vegner av alle i kommunen, og er ikkje ein kyrkjeleg aktivitet. Difor er òg gravplassen open for alle trusretningar og livssyn, uavhengig av tilknytning til kyrkja. I tillegg til gravplass for tradisjonelle kiste- og urnegraver, er her ein namna minnelund for urnegraver. På minnelunden er det eit felles gravminne med plass til namneskilt for dei som vert gravlagde der.

Gravplass for graver som ligg i alternativ himmelretning ligg òg på den nye delen av gravplassen - i tillegg til unamna minnelund for urnegraver.

Dei pårørende har då valet om enkel/dobbel grav, kiste eller kremasjon. Så blir grava plassert



Morten og Odd Asbjørn på den nyaste delen av gravplassen på Time

etter ledig plass på kartet - og gravplass-arbeidarane får melding og kan gå i gang med sitt arbeid.

Graver kan òg brukast om att. Etter 20 år kan til dømes familiemedlemmer nytta same grava - etter nærare reglar.

Er det noko me kan gjera for å letta arbeidet for gravplass-arbeidarane?

Ja, det er viktig at me held oss til reglane for korleis me plantar i beda framfor gravsteinen. Bed framfor gravminne kan vera 60 cm målt frå bakre kant av gravminnet.

Det skal ikkje plantast utanfor dette bedet, på grunn av plass for plenklipping mellom gravene. Det kan òg vera lurt å ikkje planta heilt ut til kantane av bedet - lat det vera litt plass att for plenklipperen.

Vinterstid har lys på gravene vore ei utfordring: Fuglar dreg av garde med metallboksane, og dei kan då valda stor skade for dyr som får dette inn i fôret. Lys skal difor vera i lukka lykter!

Dersom du har spørsmål om graver og gravplassane, er det berre å ringja kyrkjekontoret. Dei hjelper deg gjerne!



Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send **VIPPS** til **13130** (valgfritt beløp)

Send **SMS "BK VENN"** til **2210** (kr 100)



TEKST: RAGNHILD HANSEN OG MARIT HØIE HETLAND

Babysong

Frå hausten av vert det babysong i alle dei tre sokna våre. Samlingane på Lye forsamlingshus og i Undheim kyrkje held fram som før i samarbeid med dei opne barnehagane der. På Bryne vert det sett opp kurs med påmelding. Invitasjonar vert sende ut til alle døypte, men alle er velkomne. Følg med på nettsidene våre for å sjå når me kjem i gong etter sommaren.

Barnekor

Me har fleire kjekke barnekor i kyrkjelydane våre. Som ein del av trusopplæringa inviterer me 4- og 5-åringane til første øving på hausten i Jungelkoret i Brynekyrkja, Lye barnegospel på Lye forsamlingshus og Supermix i Undheim kyrkje. Me har plass til fleire songarar og håpar mange har lyst til å prøve ut kora våre. Invitasjonar vert sende ut til 4-åringane på Undheim og 5-åringane i Time og Bryne etter sommarferien. Andre aldersgrupper er også velkomne!

Krøllekveld

Me arrangerer «Krøllekveld» for treåringane i kyrkjelydane våre. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me høyrer om sauen som forsvann og om den gode hyrden som leitar etter sauen sin, og borna får sjølv lov til å vere hyrdar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadrar til å vere med på denne samlinga. Velkommen til ei koseleg stund i kyrkja! Invitasjonar vert sende ut.




Babysong

Haustattakkefest

I Undheim kyrkje vert toåringane inviterte til å delta på haustattakkefest. Denne søndagen vert kyrkja flott pynta og me har ei kjekk gudsteneste i lag, der òg Undheim barnehage deltek med song. Toåringane får utdelt ein CD med mange fine songar, og me håpar dette er noko dei kan ha glede av heile livet. Me ønsker velkommen til haustattakkefest! Invitasjonar vert sende ut.

4-årsbok Bryne

I Brynekyrkja blir det utdeling av 4-års-bibel i familiefokusgudstenesta sundag 12. september. Dei som fyller fire år frå juli til desember dette året, vil få invitasjon i posten (Dei som fylte frå januar-juli fekk tilsvarande invitasjon til ei gudsteneste i mai).



Her er ein oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre.

Dette vert borna inviterte til:

0 år	Dåp og dåpssamtale
0-1 år	Babysong
2 år	Haustattakkefest med utdeling av CD (berre på Undheim)
3 år	Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av cd
3 år	Krøllekveld
4 år	Barnebibel
4år	Adventsklubb / Fireårsklubb
4 år	Invitasjon til Supermix på Undheim
5 år	Invitasjon til barnekor i Bryne og Time
1. klasse	Førsteklasses
2. klasse	Pinsefart
2. klasse	Plan B - aktivitetsdag
3. klasse	Tårnagenthelg
4. klasse	På sporet av Jesus
4. klasse	Gudsteneste med påskedrama (berre Time)
5. klasse	Lys vaken
5.-7. klasse	12 Hours-festival
9. klasse	Konfirmasjon

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Frå 1. vgs. er dei også velkomne til PULS. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.

Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Gjevarteneste

Bryne

Barne- og ungdomsarbeid
Kto.nr. 3325.25.07057

Time

Kyrkjelydsarbeid
Kto.nr. 3325.20.04462
Trusopplæring
Kto.nr. 3325.39.13407
Barne- og ungdomsarbeid Lye
Kto.nr. 3290.58.78041

Undheim

Kyrkjelydsarbeid/ungdomsarbeidar
Kto.nr. 3325.21.55657

Froyland/Orstad

Kyrkjelydsarbeid
Kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg
Kto.nr. 3325.25.09270

Stikk innom vår heimeside
www.timekyrkja.no

Helgedagen

Kyrkjelydsblad for Time

Nr. 6

JUNI 1971

3. årg.

gledt seg når det kom ein L-bil der dei var, men nå gjorde dei ikkje det lenger. Nei, for di det så ofte fylgde bråk og uro med folk i L-bilar. Kva slag «ambassadorar» er me som bur her i Rogaland? Det er du og eg, det. Kva var det festtalaren sa? Og kva seier Jesus?

Så ynskjer eg deg og alle i heimen din ein retteleg god sumar med høveleg sol og varme og avkobling frå strevet gjennom ein lang vinter. Og så vonar eg at me alle saman kan få vera gode «ambassadorar» for heimen og bygda vår, og for Jesus!



De fleste vet hva disse to bokstavene står for: Kammerat-Klubben. Og det er ikke hvilke som helst kammerater det her er tale om. Men slike som på en bestemt måte har erfart hva denne verden har å by på: Mennesker som har følt virkningen av Alkoholen på kropp og sjel. Men det er også noe annet disse kammeratene er felles om: De har opplevd noe handfast av hva Kristi kraft formår. Mange av dem kan derfor stå fram og vitne med overbevisning om Han som kan gjøre alle ting nye.

Her på Bryne har vi et K.K.-hus der det regelmessig holdes samvær for K.K.-medlemmer fra Hå, Klepp, Time og andre steder. De viser hva sant kristent kammeratskap er i ord og handling. Sjel bærer de ansvar for K.K.-huset. Om det gis støtte fra forskjellige kanter, er K.K.-medlemmene ansvarlig for at drifta skal bære seg.

Søndag 27. juni kl. 19,30 blir det samvær i Time kirke der K.K.-medlemmer vil være med, synge og vitne. Det vil bli tatt opp offer til KK, Vi tror mange vil finne veien dit denne kvelden. VELKOMMEN!
M. G.

Frå kyrkje og bygd

Stavanger bispedømeråd kjem til å kunngjera gudstenestene i alle kyrkjene i bispedømet frå 20. juni til 22. august — så dei mange som dreg på helgeturar kan få med seg ein gudsteneste ein eller annan staden der dei ferdast.

Biskopen og bispedømerådet har lagt opp ein serie bibeltimar — fire i alt som skal haldast i kvar kyrkja i bispedømet kvar tysdagskveld i oktober. Her vert det då bibeltimar desse kveldar i Time kyrkje og Undheim kapell ved prestane.

KYRKJEVERGE

Kommunegartnar Askeland har sagt frå seg stillinga som kyrkjeverge i Time. Soknerådet har oppnemnt Ole J. Ree som ny mann i stillinga. Me vil her få takka Askeland for samvetsfullt og godt arbeid som kyrkjeverge og ynskja Ole J. Ree velkomen til samarbeid og til lukke også med denne gjerninga.

Kyrkjevergen vender ein seg m.a. til ved tinging av gravstad. Me nemner at tlf.nr. til den nye kyrkjevergen er 81 784.

FERIE FOR PRESTANE

Sokneprest Bjelland har ferie frå 25. juni til 11. juli og frå 25. august til 3. september.

Kallskap. Gudvangen sin ferie i tida 22. juli—18. august. Prestane er vikarar for kvarandre i ferietida.

UNDHEIM KAPELL

kan halda 50-års høgtid den 20. november. Etter det ein kjenner til er det ennå ikkje lagt opp til noko jubileum, men ein kan i alle høve rekna med gudstenesta den 21. november av biskop Hagesæther.

ALLEGRO

«Du har sagt at du kan se meg, og du har lovet å gå med meg...»
Smilande jenter syng med klare stemmer, og for tilhøreren verkar det som om orda kjem frå hjarta.

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Allegro er koret i Bryne kyrkjelyd for barn frå 3.–7. klasse. Koret starta opp hausten 2019. Ansvarlege: Per Olav Egeland og Marit Høie Hetland. Dei øver annankvar torsdag (partalsveker) i Bryne kyrkje kl 18-19. På programmet: Song, andakt og pause med frukt og leik

Dei kunne ikkje ha øving våren 2020 på grunn av korona. I desse tider har det likevel vore ein fordel med få medlemmer. I periodar med strenge smittevernsreglar, har dei likevel kunna treffast. Helgedagen spør musikalsk leiar Per Olav kva tankar han har for koret.

– Eg vil introdusera dei for ulike genrer. Sjølv om det nok blir mykje

i gospel/tensing-tradisjonen, er ungane opne for å læra seg salmar og liturgiske ledd. Mangfald og variasjon er stikkord her. Eg ønskjer at koret skal bli brukt i gudstenesta. Ikkje berre framføra eit par songar, men delta som forsongarar på salmar og liturgi. Det er eit mål at ungane skal bli husvarme i kyrkja. Me legg stor vekt på trivsel under korøvingane: mat, leik og «bli-kjent»-aktivitetar. Det skal vera kjekt og trygt å koma til kyrkja!

I kveld har seks av dei åtte medlemmene møtt til øving. Dei startar med «oppvarming» «Hode, skulder, kne og tå», litt bøy og tøy og litt rare stemmelydar. Jentene – ja, dette er så langt eit kor med berre jentestemmer – får beskjed

av Per Olav om å henta kvar si salmebok. Dei spring – kohort etter kohort – hentar bok og set seg rundt pianoet. Tilbake på plass, vert salmeboka lagt på golvet.

Øving i liturgisk song står først på programmet i dag. Koret skal vera med på gudsteneste om ikkje så lenge. «Tilgi oss», syng jentene. Per Olav lyttar, stoppar opp, forklarar og syng vidare.

– Kor sluttar denne s'n i «oss»? Me må bli einige om det, seier Per Olav og smiler.

– Kom, så reiser me oss, me syng så mykje betre då.

– Kyrie Eleison – øver inn tydeleg k i «Kyrie».



Allegro syng på gudsteneste, frå v. Ragnhild, Astrid, Solveig, Malin, Lykke Amélie. Malin er klar!

Så finn jentene fram i salmeboka.
 – Finn salmenummer 623, seier Per Olav.
 – Kva side er det, kjem det frå ei ivrig jente.
 – Me brukar ikkje sidetala når me skal finna salmar, forklarar Per Olav.
 – Sjå på dei store tala.

Eg høyrer lyden av ivrige hender som blar. Ganske raskt har alle funne den rette salmen: «Ingen er for liten til å se Guds under». Til å vera eit kor på seks, har dei ganske god lyd. På refrenget gir dei full gass!

– Eg har mest ikkje meir pust, sa ei av jentene etterpå.

Neste salmenummer er 243: «Gud skapte lyset og livet og meg». Smilande jenter syng, nokre kikkar berre litt i boka av og til. Per Olav gjentek no setningar med vanskeleg rytme, jentene syng omatt og øver inn den nye rytmen.

Etter øving er det tid for andakt. I dag samlast dei rundt lysgloben, ber for kvarandre og tenner lys. Den som vil, ber for sidemannen.
 – «Me tenner eit lys for X som er

Guds barn og vår venn. Me ber for X sin familie og for alle dei som X tenker på og er glad i».
 Pause med frukt, og Emil – bordverset rungar i kyrkjesalen.

Helgedagen får stilla nokre spørsmål i fruktpausen.

Korleis fekk de vita om dette koret? Det viser seg at jentene har klare tankar om korleis dei var blitt med i koret.
 – Ei av venninnene mine fortalde om koret.
 – Foreldra mine melde meg på.
 – Mor sa det til meg.
 – Eg fann ein lapp i kyrkja. Eg gav ein lapp til andre òg.

Kva songar likar de best å syngja?

–«Aldri alene», kjem det ganske raskt frå ei av jentene
 – «Under stjernene», seier nestemann.

Desse to songane er det tydeleg fleire som likar godt.

– Kjekt å syngja til adventskalenderen på nett, er det ei som seier.

– Ja, tenk Allegro gøynde seg bak 6 av lukene, legg Marit til.

Alle jentene likar sjølvsagt å syngja. Per Olav seier at han synest dei er alt-etande når det gjeld repertoar.

Kva er kjekt med å vera med her?

– Eg får vera saman med venner her.
 – Fint å snakka med alle sjølv om me sit i kohortar
 – Likar leikane me har.

Helgedagen lurar på på ein ting.

Kvifor er det ingen gitar her, trur de?

Ivrigte jenter har tankar om dette og:
 – Gutane likar meir sport
 – Gitar likar ikkje så godt å syngja
 – Eg trur ikkje dei ville likt seg saman med så mange jenter
 – Eg trur dei synest det er flaut med så mange jenter

Jentene er likevel klare på at gitar er velkomne i koret. Så gitar, kom og ver med og syng!

På slutten av besøket røper Allegro-jentene noko som endå er litt hemmeleg. 8. desember skal Allegro ha julekonsert saman med Lye Tweens og dei skal syngja saman med Atle Pettersen – kjent frå MGP og «Beat for Beat». Jentene har spennande ting i vente. Me ønskjer lykke til!



Viktig med bordfelleskap.



Samling rundt lysgloben.



Frå v. Per Olav, Lykke Amélie, Sofia, Filippa, Malin, Emma, Solveig.

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Kirsten Brynes veg

Er du jærbu og har passert dei 60, er sjansen stor for at du vart hjelpt til verda av Kirsten Bryne. Den legendariske distriktsjordmora tok imot over 6000 barn i løpet av dei 40 åra ho hadde den ansvarsfulle jobben.

Ho vaks opp på Bryne-garden og arbeidde mellom anna som tenestejente og pleierske før ho tok til på jordmorutdanninga i Kristiania. I 1918 gjekk ho ut som beste elev.

Kirsten Bryne var ei myndig dame, men ho var også svært omsorgsfull. Ho følgde opp fødekvinnene slik at dei kjende seg trygge, og hadde ofte klare meiningar om både barnestell og husstell der ho kom. I eit intervju sa ho at det som hadde gjort størst inntrykk på henne, var nauda ho møtte i mange heimar.

Kirsten Bryne tok imot mange, men fekk aldri barn sjølv. Ho levde til ho var over hundre (1890-1992), og i 1977 vart ho heidra med Kongens fortenstmedalje. Dei siste åra budde ho på Bryneheimen.

Vil du vita meir, kan du lesa Reidun Gudmestad sin artikkel «Jordmora hadde over 6000 barn på loftet» i Årbok for Time historielag, 2020.



Kirsten Bryne då ho fekk Kongens fortenestmedalje i 1977 (foto Jærbladet).

Kirsten Brynes veg

Konfirmantar 2021

Søndag 9. mai

Bryne kyrkje

Ville Aune
 Kristoffer Friestad
 Majlene Hosseyini Gudmundsen
 Hedda Stueland Mikkelsen
Erling Sviland Monge
 Ulrikke Pollestad
 Rebekka Eirene Sørskår
 June Einarsen Ausland
 Ingve Ree Fintland
 Lilli Elis Ueland Garborg
 Jonatan Helgeland
 Eivind Herikstad
 Silje Høiland
 Markus Slettebø Weststad
 Mina Fuglestad Apeland
 Tobias Braut
 Max Emil Løvslett
 Kenneth Andre Ognøy Olsen
 Maren Oma Rugland

Torsdag 13. mai

Time kyrkje

Jonathan Hagen Gotteberg
 Amalie Frøyland Grødem
 Peder Liamø Hisken
 Jonas Lende
 Anna Nedrebø
 Mia Viktoria Serigstad
 Odin Thrane Fotland Øglænd
 Mathilde Stokka Andersen
 Maren Dyngeland
 Andreas Lende
 Andreas Time
 Alfred Undheim
 Maria Skåra Vigre
 Frida Bertelsen
 Troy Leander Buene
 Preben Østrem Murberg
 Kasper Auestad Skjørshammer
 Aaron Sletta Voll
 Birk Winge
 Emma Erichsen Øverland

Lørdag 28. august

Time kyrkje

Brede Bergstad
 Johan Haugland
 Johannes Petkovic Herigstad
 Jonas Netland
 Sarah Ree

Malin Sele
 Mariell Thu
 Elias Undheim

Søndag 29. august

Time kyrkje

Joakim Elle
 Isabella Holen Hellestø
 Eigil Steinsland Hognestad
 Ingrid Håland Pollestad
 Marion Skårland
 Thea Skårland
 Magnar Kverneland Time

Lørdag 04. september

Bryne kyrkje

Torben Bø
 Ella Elvedahl
 Marte Espedal
 Anna Friestad
 Una Gjengedal Gåsland
 Kamilla Malmin Herigstad
 Isabell Heskje
 Tuva Seland Karlsbakk
 Trude Lonsdale Sirevåg
 Tiril Sørensen
 Malin Hustoft Apeland
 Oda Flesjå
 Oliver Mellgren Haugland
 Solveig Ehrnholm Heigre
 Jenny Hodne Heskestad
 Teodor Gjerde Klaussen
 Sivert Nøkland
 Kristoffer Simonsen
 Andrine Bjørnevik Ueland
 Malin Hareland Vold
 Ola Undheim Brudeli
 Solveig Erga
 Yared Yonas Gebru
 Christian Hillerøy Hansen
 Tuva Johansen
 Elias Kvalvik
 Tage Førland Risa
 Eivor Undheim Lygren
 Magnus Orre
 Sjur Nese Skarsaune
 Randi Haugland Ødemotland

Lørdag 11. september

Bryne kyrkje

Martin Heggø
 Ådne Mehus

Nicolay Sørdal Ree
 Tage Førland Risa
 Kristine Steinskog
 Markus Stensland
 Nora Stensland Sørskog
 Henrik Vigre
 Gard Ødegård
 Filippa Wiig Bangsmoen
 Aurora Krestiane Brenden
 Maria Eide
 Carmen Aamodt Eriksen
 Jesper Mathias Haugstad
 Jai Lynne Kimberly V. Hockett
 Hans Vigrestad Kristiansen
 Vilja Refsnes
 Tobias Svendsen-Undheim
 Gert Høien Tengesdal

Søndag 05. september

Undheim kyrkje

Belinda Sele Bore
 Jesper Undheim Kartevoll
 Bjørg Undheim Rosland
 Adrian Selbak
 Nils Martin Geliassen Sikveland
 Eskil Tjåland
 Gabriel Undheim
 Mona Wallentinsen
 Trym Nathaniel Undheim
 Even Undheim Vestly
 Malin Vold



BLIFADDER!

www.blifadder.no

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen 

Admiral

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Kva er likskapen mellom ein sommarfugl og øvste sjefen i sjøforsvaret? Kan henda dei flotte fargestripene som ein kan sjå både hos sommarfuglen og på uniformsjakka?

Sommarfuglen med det staselege namnet er ingen krigar, men tøff likevel. Han ter seg som ein trekkfugl, flyg til Spania om hausten og seint på våren trekkjer han nordover. Tenk at denne vesle skapningen maktar ein slik flytur! Er det laglege forhold, tek flyturen rundt ei veke. Admiralen toler ikkje den norske vinteren, og det er difor han må gjera seg umaken med den lange reisa. Her nord gjeld det om å finna brennesle der han kan leggja egg. Egga vert til larver, pupper og sidan til nye admiralar. Etter kvart som sommaren er på hell, kan ein sjå admiralar i hopetal som syg nektar av favorittblomane som t.d.



sommarfuglbusk og evigbergknapp. Full "tank" med nektar er viktig for å makta flyturen tilbake til Spania.

Gled deg over synet av denne flotte sommargjesten!

Hjernetrim

HelgeKryssord 3/21


(av Gabriel Tengsareid)

Vassrett

1. Dyktige
11. Like bokstavar
12. Førbyggjande tiltak
14. Brev
16. Papira
17. Uklar
18. Skodeplass
20. Dyregruppe
24. Skrivereiskap
26. Stett
27. Renne
28. Svært kald
29. Mynteining (omv.)
30. Glede
31. Som finst
36. Ta
37. Igjen
38. Pytt

Loddrett

1. Gitter
2. Tresort
3. Spruta
4. Morene
5. Kvikk
6. Kava
7. Fagperson
8. Kvinnenamn
9. Rovdyr
10. Grasmark
13. Kyrkjebøn
15. Snu (imperativ)
19. Kjærleik (Matteus 5:44)
21. Nabobokstavar
22. Vokalar
23. Lovsong
24. Insekta
25. Bli tett
26. Verna
30. Omstreifar
32. Skulefritidsordning
33. Stirer
34. Mot bakken
35. Mannsnamn



V	I	T	S	K	A	P	S	M	A	N	N
I	→	O	P	P	H	A	V	E	T	↓	E
↔	V	A	R	→	H	J	Å	↓	T	V	I
T	I	R	Å	T	A	A	N	G	R	A	R
E	P	I	K	A	R	L	E	U	Å	R	E
D	E	R	F	R	Å	I	S	D	N	↓	N
R	↔	G	O	←	T	E	D	R	O	↔	T
O	↔	A	L	M	E	N	N	Y	T	T	E
↔	S	K	I	V	E	B	R	E	M	S	S

Løysing HelgeKryssord - 2/21



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus fortalde ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att sauen. (Teikning: Trevor Keen)



Finn fem feil

Då gjetaren fann sauen, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Gje barnebladet
BARNAS til
eit barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00.



Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
 - Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.

 **Jær Tannlegene**
Heidi Bø Honningsvåg
Jaertannlegene.no | 5148 4800

REMA 1000
Håland 7-23(8-21)

 **REIME**
Varme & vedvarende
entusiast
VARMEPUMPER OG SPA
www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22



VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS
ek Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 148, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11
DØGNSERVICE 971 78 180



HOLMANE Bil

Tengsareidv 4, 4373 Egersund
Tlf. 51 46 19 80
http://holmanebil.no



Jeep

ISUZU



 **TIME ELEKTRO AS**
når resultatet er viktig
Vesthagen 4, 4344 Bryne
Tlf. 51 77 15 90

Byggelaget



EL-TEAM

Elektroentreprenør



Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net



Alt innen datahjelp

-hjem på døren
til private & bedrift

Tlf **51485000**
www.datahjelpen.it

 **Jæren Gulv AS**
Maler- og gulvarbeid

www.jaerengulv.com

 **JÆREN**
KABELNETT
Lokal og best på pris

 **PRIVATMEGLEREN**
JÆREN
Torggata 2, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no

 **Renovasjons-
service as**
Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44

Bogh Hafsoe as
 **TOYOTA**
Fossveien 3, 4373 Egersund
Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no

 **Bonde
Kompaniet**
Butikk i Jupitervegen 4,
4340 Bryne. Tlf. 480 10 878


aktiv.
Eiendomsmegling
51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no

haver

Haver Advokatfirma AS
Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne
telefon 51 77 00 50

 **Bryne Rør**

 **PIZZABAKEREN**
Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00



DØYPTE

BRYNE KYRKJE


02.05.2021: Gabriel Sandve
Alba Burchardt Undheim

TIME KYRKJE


11.04.2021: Andreas Vestly
27.04.2021: Emma Erichsen Øverland
08.05.2021: Vilja Hellvik,
Magnus Abelsnes
Svenning,
Lone Verdal
13.05.2021: Gabriel Fossan Voll

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

11.04.2021: Vettle Berdines Terjesen,
Klepp kyrkje



VIGDE



DØDE

Tor Bernssen
Nils Eirik Hinnaland
Else Irene Ødegård
Kristine Høyland
Ellen Pedersen

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)	tlf. 911 57 105
Sokneprest May Brit Merland Arnø (Undheim)	tlf. 467 94 518
Sokneprest Yngvar Nilsen (Time)	tlf. 466 52 874
Diakoniarbeider Praxedes Slettebø	tlf. 48 89 69 19
Barne- og ungdomsdiakon Marit Høie Hetland	tlf. 911 63 039

KROGEDAL
begravelsesbyrå

 **51 97 29 00**

DØGNVAKT



3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

Støttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på: diakon@timekyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

WACO

Forsikringsmegling as



**SPAREBANKEN
SØR**



DEN NORSKE KYRKJA

Velkomen til kyrkje

Det kan bli endring grunna smittevern. Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon. Hugs at ved å melda seg på gudstenestene på førehand er ein garantert plass. Påmelding finn de på kyrkjene sine nettsider, eller ved å ringja til kyrkjekontoret på 51770377.

GUDSTENESTER



Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 951 25 002

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

Sundag 13. juni Undheim kyrkje Lye forsamlinghus Bryne kyrkje	3.sundag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd 10.30 Gudsteneste. Nattverd 11.00 Gudsteneste for store og små	Joh 1, 35-51
Sundag 20. juni Bryne kyrkje Time kyrkje	4.sundag i treeningstida 11.00 Gudsteneste. Nattverd 11.00 Gudsteneste	Matt 16, 24-27
Sundag 27. juni Undheim kyrkje	5.sundag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd	Matt 7, 21-29
Sundag 4. juli Bryne kyrkje	Aposteldagen 10.30 Gudsteneste. Nattverd	Matt. 16, 13 – 20
Sundag 11. juli Time kyrkje	7. søndag i treeingstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd	Luk. 19, 1 – 10
Sundag 18. juli Bryne kyrkje	8. søndag i treeingstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd	2. Kor. 8, 9 – 15
Sundag 25. juli Undheim kyrkje	9. søndag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd	Joh. 8, 2 – 11
Sundag 1. august Bryne kyrkje	10. søndag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd	Matt. 18, 21 – 25
Sundag 8. august Time kyrkje	11. søndag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd.	2. Mos 20, 1 – 17
Sundag 15. august Bryne kyrkje	12. søndag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd	Luk 8, 1 – 3
Sundag 22. august Undheim kyrkje Lye forsamlingshus Bryne kyrkje	13. søndag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste. Nattverd 10.30 Gudsteneste. Nattverd 11.00 Gudsteneste.	Luk. 12, 41 – 48
Sundag 29. august Time kyrkje Time kyrkje Bryne kyrkje Bryne kyrkje	Vingårdsundagen 10.30 Konfirmasjonsgudsteneste 11.45 Konfirmasjonsgudsteneste 11.00 Gudsteneste. Nattverd 19.00 Kveldsgudsteneste. Nattverd	Luk. 17, 7 – 10
Laurdag 4. september Bryne kyrkje Bryne kyrkje Bryne kyrkje	10.30 Konfirmasjonsgudsteneste 11.45 Konfirmasjonsgudsteneste 13.00 Konfirmasjonsgudsteneste	Luk. 17, 7 – 10
Sundag 5. september Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje	15. søndag i treeingstida 10.30 Gudsteneste 10.30 Konfirmasjonsgudsteneste 11.00 Gudsteneste. Nattverd	Luk. 10,38 – 42
Laurdag 11. september Bryne kyrkje Bryne kyrkje Bryne kyrkje	10.30 Konfirmasjonsgudsteneste 11.45 Konfirmasjonsgudsteneste 13.00 Konfirmasjonsgudsteneste	Luk. 10,38 -42
Sundag 12. september Bryne kyrkje Time kyrkje	16. søndag i treeiningstida 11.00 Gudsteneste med familiefokus. 4 års bok 11.00 Gudsteneste	Matt. 5,10 – 12
Sundag 19. september Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje	17. søndag i treeiningstida 10.30 Gudsteneste 10.30 Familiegudsteneste 11.00 Gudsteneste	Luk. 7,11 – 17
Sundag 26. september Time kyrkje Bryne kyrkje Bryne kyrkje	18. søndag i treeiningstida 11.00 Gudsteneste for store og små 11.00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon 19.00 Kveldsgudsteneste. Nattverd	Matt. 8, 5 – 13